

## **Tabell F-k**

### **Kriteriedata for kommunane 2018**

Tabell F-k viser kriteriedata som ligg til grunn for berekninga av indeksverdiane i tabell E-k.

Åtte kommunar slår seg saman med verknad frå og med 1.1.2018. Dei nye kommunane er 0712 Larvik, 0715 Holmestrand, 0729 Færder og 5054 Indre Fosen. Det er tatt høgde for samanslåingar i kriteriedata til inntektssystemet i 2018.

#### **Kolonne 1 – Innbyggjartal per 1. januar 2017**

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB), utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### **Kolonne 2 – Innbyggjartal per 1. juli 2017**

Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Det er noko avvik mellom innbyggjartala per 1. juli 2017 i tabell E og dei offisielle innbyggjartala for andre kvartal som er publiserte på heimesida til Statistisk sentralbyrå. Årsaka til avviket er at innbyggjartala i kriteriedata inneheld korrekjonar gjort etter 1. juli. Tala inkluderer også etterregisteringar av flytting, fødslar og dødsfall. Innbyggjartala i kriteriedata viser ei meir korrekt framstilling av befolkninga per 1. juli 2017 enn tala som er publisert av Statistisk sentralbyrå.

#### **Kolonne 3 – 10 – Innbyggjartal fordelt på aldersgrupper per 1. juli 2017**

Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### **Kolonne 11 – Strukturkriteriet (per 1. januar 2017)**

Strukturkriteriet beskriv gjennomsnittleg reiseavstand per innbyggjar (i km) i ein kommune for å nå 5 000 personar uavhengig av kommunegrenser.

Strukturkriteriet er eit mål på busettingsmønsteret i kommunen og områda rundt og seier noko om avstandar og spreiddbygdheit i regionen. Føremålet med kriteriet er å måle reiselengda uavhengig av storleik på kommunen og kommunegrenser, til skilnad frå dei tradisjonelle busettingskriteria som er avgrensa innan kommunen.

Kriteriet blir berekna ved å ta utgangspunkt i grunnkretsane i kvar kommune og befolkningstyngdepunktet innan kvar grunnkrets (på same måte som for dei andre busettingskriteria i inntektssystemet, sone- og nabokriteriet).

Ein grunnkrets er den minste geografiske eininga SSB brukar til å lage kommunestatistikk. Alle kommunar består av fleire grunnkretsar, og ingen grunnkrets strekk seg ut over fleire enn ein kommune. Landet er delt inn i om lag 14 000 grunnkretsar. For kvar grunnkrets er det berekna eit befolkningstyngdepunkt, ut ifrå koordinatane for adresser med bebuarar i grunnkretsen. For innbyggjarane i kvar grunnkrets blir det deretter berekna minste reiseavstand for å nå 5 000 personer, ut frå befolkningstyngdepunktet i kretsen. I utrekninga blir det og nytta informasjon om veg- og rutenettet, slik at det blir lagt inn ein korrekjonsfaktor (høgare verdiar) viss ein til

dømes er avhengig av ferje for å nå 5 000 personar. Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Kolonne 12 – Gradert basiskriterium 2018**

I 2017 vart det innført ein ny modell for kompensasjon for smådriftsulemper på kommunenivå i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. I motsetning til tidlegare blir denne kompensasjonen differensiert mellom kommunane ut ifrå graden av frivilligheit på smådriftsulempene. Graden av frivilligheit blir rekna ut basert på kommunane sin verdi på strukturkriteriet (vist i kolonne 11). Ved hjelp av strukturkriteriet blir basiskriteriet i utgiftsutjamninga gradert, slik at kompensasjonen for smådriftsulemper blir differensiert mellom kommunar med frivillige og ufrivillige smådriftsulemper.

Kommunar som har ein verdi på strukturkriteriet som er høgare enn den øvre grenseverdien får framleis fullt basistilskot, medan kommunar med reiselengde som er lågare enn denne grenseverdien får ein gradvis reduksjon i basiskriteriet og kompensasjon for smådriftsulemper på kommunenivå. Alle kommunar er sikra eit halvt basistilskot, slik at minimumsverdien på det graderte basiskriteriet er 0,5.

Den øvre grenseverdien er lik gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5 000 innbyggjarar for kommunar med færre enn 5 000 innbyggjarar. Berekningar på strukturkriteriet per 1. januar 2017 gir ein grenseverdi på 25,8 km.

Kommunen sin verdi på basiskriteriet blir gradvis trappa ned (lineært) mellom grenseverdien, som gir ein verdi på basiskriteriet lik 1, og minsteverdien på 0,5. Alle kommunar får difor ein verdi på det graderte basiskriteriet mellom 0,5 og 1, gitt kommunen sin verdi på strukturkriteriet. Verdien på gradert basiskriterium er vist i kolonne 12.

### **Kolonne 13 – Reiseavstand innan sone (per 1. januar 2017)**

Reiseavstand innan sone (i km) per 1. januar 2017. Reiseavstand blir berekna for alle innbyggjarane i sona til sonesenteret, summert for alle innbyggjarane i sona. Ei sone er eit geografisk samanhengande område som er sett saman av grunnkretsar. Sjå St.prp. nr. 62 (1999–2000) *Om kommuneøkonomien 2001 mv.* for nærmere omtale av kriteriet. Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Kolonne 14 – Reiseavstand innan sone (snitt 2015–2017)**

I utrekninga av soneindeksen blir det nytta eit gjennomsnitt for dei siste tre åra av kriteriet reiseavstand innan sone. For berekninga av rammetilskotet i 2018 blir gjennomsnittet for åra 2015, 2016 og 2017 nytta. Sjå Grønt hefte 2016 og Grønt hefte 2017 for tal på reiseavstand innan sone per 1.1.2015 og 1.1.2016.

For kommunane 0704 Tønsberg og 0710 Sandefjord er det eit gjennomsnitt for åra 2016-2017 som er lagt til grunn for berekninga av rammetilskotet, og ikkje eit gjennomsnitt for 2015-2017.

For kommunane 0712 Larvik, 0715 Holmestrand, 0729 Færder og 5054 Indre Fosen er det kriterieverdien for 2017 som er lagt til grunn for berekninga av rammetilskotet, og ikkje eit gjennomsnitt for 2015-2017.

### **Kolonne 15 – Reiseavstand til nærmeste nabokrets (per 1. januar 2017)**

Reiseavstand til nabokrets (i km) per 1. januar 2017. Avstanden er berekna for innbyggjarane i grunnkretsen, frå senter i eigen grunnkrets til senter i nærmeste nabogrunkrets innanfor same sone, summert for alle innbyggjarane i kommunen. Sjå St.prp. nr. 62 (1999–2000) *Om kommuneøkonomien 2001 mv.* for nærmere omtale av kriteriet. Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Kolonne 16 – Reiseavstand til nærmeste nabokrets (snitt 2015–2017)**

I utrekninga av naboindeksen blir det nytta eit gjennomsnitt for dei siste tre åra av kriteriet reiseavstand til nærmeste nabokrets. For berekninga av rammetilskotet i 2018 blir gjennomsnittet for åra 2015, 2016 og 2017 nytta. Sjå Grønt hefte 2016 og Grønt hefte 2017 for tal på reiseavstand til nærmeste nabokrets per 1.1.2015 og 1.1.2016.

For kommunane 0704 Tønsberg og 0710 Sandefjord er det eit gjennomsnitt for åra 2016–2017 som er lagt til grunn for berekninga av rammetilskotet, og ikkje eit gjennomsnitt for 2015–2017.

For kommunane 0712 Larvik, 0715 Holmestrand, 0729 Færder og 5054 Indre Fosen er det kriterieverdien for 2017 som er lagt til grunn for berekninga av rammetilskotet, og ikkje eit gjennomsnitt for 2015–2017.

### **Kolonne 17 – Innvandrarar 6–15 år, utanom Skandinavia**

Innvandrarar 6–15 år frå land utanom Skandinavia per 1. januar 2017. Innvandrarar er personar som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre, og som på eit tidspunkt har innvandra til Noreg. Statistikk frå SSB.

### **Kolonne 18 - Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og eldre**

Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og eldre per 1. januar 2017. Kolonnen omfattar innbyggjarar i alderen 16 år eller eldre med psykisk utviklingshemming som per 1.1.2017 har vedtak om tenester etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6, under dette òg § 3-8 (sjå rundskriv IS-3/2017 frå Helsedirektoratet for nærmere omtale).

Tala er rapporterte inn frå kommunane til Helsedirektoratet, og inkluderer ikkje personar med psykisk utviklingshemming som bur i vertskommuneinstitusjonar.

### **Kolonne 19 – Ikkje-gifte 67 år og over**

Ikkje-gifte 67 år og eldre per 1. januar 2017. Definisjonen av ikkje-gift: Aldri tidlegare gift, skilt, separert (inklusive skilt, separert, gjenlevande partner), enker og enkemenn. Statistikk frå SSB.

### **Kolonne 20 – Alders- og kjønnsstandardisert dødelegheit**

Alders- og kjønnsstandardisert dødelegheit er berekna tal på døde i den einskilde kommunen i eit år, viss dødelegheitsmønsteret i kommunen var som i perioden 2012–2016, og alders- og kjønnsstrukturen var som i ei standardbefolknign. Frå og med 2018 er standardbefolknigna lik befolkninga i Noreg på landsbasis per 1. januar 2016.

Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## **Kolonne 21 – Uførepensjonistar 18–49 år**

Talet på uførepensjonistar 18–49 år i kommunen per desember 2016. Tal fra SSB. I tråd med praksisen til SSB blir ikkje verdiar under 3 publiserte. I berekninga av rammetilskotet blir verdien 2 lagt til grunn i slike tilfelle.

## **Kolonne 22 - Flyktningar**

Personar med flyktningbakgrunn per 1. januar 2017 som har budd i Noreg i 6–30 år. Omgrepet "Person med flyktningbakgrunn" blir her nytta om personar som har kome til Noreg av fluktgrunnar og omfattar òg familie innvandra til desse. Personar som opphavelig kom som følgje av andre grunnar, men som seinare har fått ei flyktningtillating er òg talde med. Med "fluktgrunnar" meiner ein at vedkommande har fått vern i Noreg, utan omsyn til om personen har fått flyktningstatus etter Genèvekonvensjonen.

Barn som personar med flyktningbakgrunn har fått etter at dei kom til Noreg er ikkje rekna med. Statistikk fra SSB. I tråd med praksisen til SSB blir ikkje verdiar under 3 publiserte. I berekninga av rammetilskotet blir verdien 1,5 lagt til grunn i slike tilfelle.

## **Kolonne 23 – Skilde og separerte 16–59 år**

Skilde og separerte 16–59 år per 1. januar 2017. Statistikk fra SSB.

## **Kolonne 24 – Arbeidsledige 16–59 år**

Arbeidsledige 16–59 år. Som grunnlag for kriteriet blir det nytta eit gjennomsnitt for registrerte arbeidsledige under 60 år i 2016. Statistikk fra SSB.

## **Kolonne 25 – Opphopingsindeks**

Opphopingsindeksen er sett saman av kriteria skilde og separerte (kol. 23), arbeidsledige (kol.24), personar med låg inntekt (kol. 28) og innbyggjartal per 1. januar 2017 (kol.1). Opphopingsindeksen blir berekna på følgjande måte for kvar kommune:

$$\frac{\text{Tal på skilde/separerte} * \text{tal på arbeidsledige} * \text{tal på pers. med låg inntekt}}{\text{Tal på innbyggjarar} * \text{tal på innbyggjarar}}$$

Tala er frå SSB.

## **Kolonne 26 – Aleinebuande 30–66 år**

Aleinebuande 30–66 år i einfamiliehushald, per 1.1.2016. Statistikk fra SSB.

## **Kolonne 27 – Barn 0–15 år med einsleg forsørgjar**

Barn 0–15 år med einsleg forsørgjar per desember 2016. Einslege forsørgjarar blir definerte på grunnlag av mottakarar av barnetrygd med utvida stønad. Tal frå NAV, levert av SSB. I tråd med praksisen til NAV blir ikkje verdiar under 3 publiserte. I berekninga av rammetilskotet blir verdien 2 lagt til grunn i slike tilfelle.

### **Kolonne 28 – Personar med låg inntekt**

Personar med låg inntekt i 2015. Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Kriteriet inngår òg i opphopingsindeksen, som er sett saman av kriteria skilde/separerte, arbeidsledige og personar med låg inntekt.

For å berekne talet på personar med låg inntekt i kvar kommune, tek ein utgangspunkt i hushaldsstatistikk for inntekt etter skatt eksklusive sosialhjelp. Det er nytta regionspesifikke låginntektsgrenser for å ta omsyn til at bustadprisane og dei økonomiske kostnadene ved å ta del i samfunnslivet er avhengig av bustad. Personar med låg inntekt er definerte som personar med inntekt som er lågare enn halvparten av medianinntekta i dei ulike regionane. Studentar og personar med høg formue er haldne utanom. Kriteriet er nærmere omtalt i rapporten *Langørgen, A., T.A. Galloway, M. Mogstad og R. Aaberge (2005): Sammenlikning av simultane og partielle analyser av kommunenes økonomiske atferd, Rapporter 2005/25, Statistisk sentralbyrå*.

### **Kolonne 29 – Barn 1 år per 1. juli 2017**

Statistikk frå SSB, utarbeidd for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Kolonne 30 – Barn 1 år med kontantstøtte etter full sats**

Eittåringar i kommunen med kontantstøtte etter full sats. Gjennomsnitt for 2016. Statistikk frå NAV. Barn med kontantstøtte inngår i kriteriet barn 1 år utan kontantstøtte (kol. 32).

### **Kolonne 31 – Barn 1 år med kontantstøtte etter redusert sats**

Eittåringar i kommunen med kontantstøtte etter redusert sats. Gjennomsnitt for 2016. Statistikk frå NAV. Barn med kontantstøtte etter redusert sats inngår i kriteriet barn 1 år utan kontantstøtte (kol. 32) med halv vekt.

### **Kolonne 32 – Barn 1 år utan kontantstøtte**

Kriteriet blir berekna som talet på barn som er eitt år i kommunen per 1. juli 2017 (kol. 29), minus talet på barn med kontantstøtte etter full sats (kol. 30) og barn med kontantstøtte etter redusert sats (kol. 31). Barn med redusert kontantstøtte inngår i kriteriet med halv vekt.

### **Kolonne 33 – Innbyggjarar med høgare utdanning**

Innbyggjarar 16 år og over per 1. januar 2017, med universitets- og høgskuleutdanning per 1. oktober 2016. Statistikk frå SSB.

### **Kolonne 34 – Elevar i statlege og private skular, grunnskule**

Elevar i statlege og private grunnskular, vanleg undervisning, per 1. oktober 2016. Frå og med 2018 er elevar ved Den franske skolen i Oslo inkluderte i trekk- og korreksjonsordninga. Statistikk frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

### **Kolonne 35 – Elevar med opphold, grunnskule**

Elevar ved statlege spesalskular og private skular for funksjonshemma som er innlosjerte på skulen per 1. oktober 2016. Statistikk frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

## **Kolonne 36 – Elevar ved spesialskular, grunnskule**

Elevar ved statlege spesialskular og private skular for funksjonshemma per 1. oktober 2016. Statistikk frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

## **Kolonne 37–39 – Landbrukskriteriet**

Landbrukskriteriet består av tre underliggende kriterium: Talet på jordbruksbedrifter (kol. 37) med 67,9 pst. vekt, talet på landbrukseigedomar (kol. 38) med 27,6 pst. vekt og det totale arealet i kommunen (kol. 39) med 4,47 pst. vekt. Desse tre kriteria er viste som tre kolonner i tabell F.

I tabell E er desse tre kriteria vekta saman til eitt landbrukskriterium.

Landbrukskriteriet blir berekna på følgjande måte for kvar kommune:

$$\frac{\text{Tal på jordbr. bedr. i kom. X} * 0,6790}{\text{Tal på jordbr. bedr. i landet}} + \frac{\text{Tal på landbr.eiged. i kom. X} * 0,2763}{\text{Tal på landbr.eiged. i landet}} + \frac{\text{Areal i kom. X} * 0,0447}{\text{Areal i landet}}$$

- Kol. 37: Talet på jordbruksbedrifter i 2016 omfattar søkerar av produksjonstilskot i jordbruket per 31.7.2016 og med tillegg for einingar som ikkje søker tilskot. Statistikk frå SSB.
- Kol. 38: Talet på landbrukseigedomar i 2016 er landbrukseigedomar i Landbruksregisteret per desember 2016. Omfattar alle landbrukseigedomar med minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. Statistikk frå SSB.
- Kol. 39: Det totale arealet i kommunane omfattar landarealet og ferskvatn, målt i km<sup>2</sup>. Tal per 1.1.2017. Kjelde: Digitalt kartverk for Norge/Statens kartverk.

## **Kolonne 40 – Skatt i pst. av landsgjennomsnittet i 2016**

Skatteinntekter per innbyggjar i kommunen, i prosent av landsgjennomsnittet for skatteinntekter per innbyggjar i 2016.